



KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUTSKRIFT

Møte: 17. mars 2015 kl. 09.00 – 11.30
Stad: Rådhuset
Tilstades: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Odd Leif Mjøs (nestleiar), Anna K. Valle, Rolf Henning Hegland, Kåre Østrem – vara for Unni Andersen Sæbø og Kåre Mestad – vara for Odd Leif Mjøs (nestleiar)
Forfall: Odd Leif Mjøs (nestleiar) og Unni Andersen Sæbø
Innkalla: Ordførar til sak 12/15 og rådmann til sak 13/15
Frå revisjonen: Line Magrete Johansen og Merete Solheim Larsen
Sekretær: Bent Gunnar Næss

09/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

10/15 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 20.01.15 vart godkjent.

11/15 Skriv og meldingar

- Fylkesmannen uttale til budsjettet for 2015

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

12/15 Orientering frå ordførar om aktuelle politiske saker

Ordførar orienterte om aktuelle politiske saker:

- Lindås 2019 – utviklingsprogrammet
- Opplever at det er god dialog med administrasjon og det politiske miljøet
- Kommunereformen vil vere på dagsorden i kvart formannskapsmøte. Her vil det bli ein stor og krevjande prosess framover. Kjem opp som sak på førstkomande kommunestyremøte.
- Budsjettprosessen for 2016 vil starte allereie i juni – lagt ein ny struktur
- Knarvikplanen – den er ute på 3. gongs høyring. Det har vore ein krevjande jobb. Håpar at den vil vere ferdig innan juni.
- Samferdsel – aktuelle prosjekt og langsiktig og det gjeld også utbygging av breiband og mobilnett.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning og takka for grundig og god gjennomgang.



13/15 Orientering frå rådmann om aktuelle administrative saker

Rådmann orienterte om aktuelle administrative saker:

- Lindås 2019 – kontinuerlig forbetring
 - Viste til prinsippa og konkrete eksempel
- Heilskapleg styring
 - Viste plansystemet og korleis kommunen driv systematisk
 - Der er behov for å gjere nokon endringar for at plansystemet skal fungere slik at ein jobbar strategisk og framtidsretta. Der må sikrast at det vert samanheng mellom dei overordna måla og dei meir konkrete verksemdsplanene.
- Kvalitetssystem – må ha eit heilskapleg system som er tilgjengeleg og vert oppdatert
- Internkontroll – er med i eit nettverk med andre kommunar
 - Sektorovergripande reglement – mykje er på plass – men der manglar noko
- Prosjektstyring – organisering – viste modellen
- Status Lindås 2019 – viste kva det vert jobba med no og planane framover
- Leingsprinsipp – delegering, myndiggjort, avgjerd nærast mogleg brukar, leiar skal vere støtte for sine tilsette, vere bevisste på kva som løysast på dei ulike leiarnivåa

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning og takka for grundig og god gjennomgang av status og planane framover. Kontrollutvalet ser det som viktig at ein lykkast med det arbeidet som er sett i gong.

14/15 Selskapskontroll – Lindås Tomteselskap AS – rapport frå revisjonen

Sakstilfang: Selskapskontroll Lindås Tomteselskap AS

Revisjonen presenterte rapporten i møte.

I rapporten er der følgjande tilrådingar:

«Revisjonen tilrår at Lindås kommune:

1. sikrar at styrerepresentantar, også dei som ikkje er folkevalde, får tilbod om opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar
2. utarbeider retningsliner for revisjon av eigarskapsmeldinga for kommunen
3. reviderer eigarstrategien for Lindås Tomteselskap AS for å sikre at den vert i tråd med eigar sine krav og forventningar
4. utarbeidar retningsliner for val av styrerepresentantar som inkluderer kompetansekrav til profesjonelle styrar i samsvar med KS sine tilrådingar
5. utarbeider retningsliner for å sikre og kontrollere at krav i eigarskapsmeldinga blir etterlevd av selskapa
6. sett krav til dokumentasjon frå Lindås Tomteselskap AS som gir grunnlag for å vurdere om avkastningskravet til selskapet er nådd
7. utarbeider ein utbyttepolitikk for Lindås Tomteselskap AS



Revisjonen tilrår at Lindås Tomteselskap AS:

8. vurderer å innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:

- o Gjennomføre eigenevaluering for styret
- o Utarbeide retningsliner for handtering av habilitetsspørsmål i selskapet
- o Slutte seg til KS sitt styrevervregister

9. gjennomgår og dokumenterer selskapet sine rutinar for innkjøp for å sikre at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar

10. gjennomfører ei heilskapleg analyse for å dokumentera at Lindås Tomteselskap AS ikkje er underlagt offentleglova

11. utarbeider skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningsliner for rapportering om avvik frå budsjett»

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak.

Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak.

15/15 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

16/15 Eventuelt


Neste møte er 21.04.15 kl 09.00.

Saker til neste møte:

- Rekneskap og årsmelding
- Handsaming av innkomne tilbod om revisjon
- Forvaltningsrevisjonsrapport – refusjonar og tilskott

Knarvik 17.03.2015


Øystein Reidar Moldékleiv, leiar


Bent Gunnar Næss, sekretær